

BOKN KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: **Mandag 18. mars 2019**
Tid: **kl. 17.00**
Sted: **Møterom 1. etasje, Boknatun**

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf 95 98 69 79 /sms/ e-post: *post@kontrollutvalgene.no*

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Rådmannen er invitert/innkalla til å orientere i sak 3/19.

Saksliste:

- 1/19 Godkjenning av protokoll fra møtet 07.11.18**
- 2/19 Forvaltningsrevisjonsrapport «Sjukefråver i skule og barnehage»**
- 3/19 Oppfølging av årsoppgjersbrev for rekneskapsåret 2017**
- 4/19 Kontrollutvalet - årsmelding 2018**
- 5/19 Referat- og orienteringssaker 18.03.19**

Eventuelt

Aksdal, 11.03.19

Lars Øyvind Alvestad (sign.)
utvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert/kalla inn i sak 3/19)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utvale	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	18.03.19	1/19

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 07.11.18

Vedlegg: Protokoll frå møtet 07.11.18

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 07.11.18 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møtet i Bokn kontrollutval 07.11.18 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 11.03.19



Toril Hallsjø
Utvalssekretær

BOKN KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag **7. november 2018** blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiing av utvalsleiar Lars Øyvind Alvestad.

MØTESTAD:	Boknatun, møterom 1.etasje
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 17.30 – kl. 19.00
MØTANDE MEDLEMMER:	Lars Øyvind Alvestad (Ap) og May Jorunn Vatnaland (Sp)
FORFALL:	Jørn Hansen (Uavh.) og varamedlem Tom-Inge Aksdal (H)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partnar Else Host-Larsen, Deloitte AS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Jan Erik Nygaard Drifts- og eigedomssjef Kjell Arne Valentinsen i sak 17/18
MERKNADER TIL INNKALLING:	Sakskartet var ikkje lagt ut på kommunen si nettside
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Revisor hadde meldt noko under eventuelt.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 16/18 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 17.09.18

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 17.09.18 blir godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 07.11.18:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.11.18:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 17.09.18 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 17/18 RUTINAR OG PLANAR FOR VEDLIKEHALD AV KOMMUNALE BYGG OG ANLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tek orienteringa frå rådmannen om kommunen sine rutinar og planar for vedlikehald av kommunale bygg og anlegg til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 07.11.18:

Rådmannen og drifts- og eigedomssjefen orienterte. Bokn kommune hadde inga vedlikehaldsplan. Konkrete prosjekt har vore omtalt i budsjett og økonomiplan. Kommande årsbudsjett vil ha ein vesentleg større omtale av dette temaet enn tidlegare. Det er laga ei utførleg liste/oversikt over registrerte bygg og anlegg basert på samtale med dei to vaktmestrane om det som må gjerast og det som kan vente. Generelt er det lett for at denne type utgift blir ein salderingspost.

Rådmannen viste til dilemmaet riving kontra kostbart vedlikehald. Store bygg har serviceavtaler og i tillegg blir det utført el.- og branntilsyn. Han meinte dei hadde god kontroll og dei blei varsle om naudsynt arbeid. Er det noko som må utbetraast, vert det gjort ved at fagfolk blir leigd inn. Administrasjonen må heile tida tenke kost-nytte.

Utvalet peika på at det var viktig å få ned skriftleg dokumentasjon med tanke på overføring av kompetanse om bygga. Drifts- og eigedomssjefen kunne stadfeste at innan feltet vatn og avlaup var det lagt ned mykje arbeid i registrering og fotografering, men at det var ei sterk trøng for ein ny stilling for ivareta inspeksjonsfunksjonen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.11.18:

Bokn kontrollutval tek orienteringa frå rådmannen og drifts- og eigedomssjefen om kommunen sine rutinar og planar for vedlikehald av kommunale bygg og anlegg til orientering.

SAK 18/18 PROSJEKTMANDAT – FORVALTNINGSREVISJON – «RUS- OG PSYKIATRITENESTA»

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Rus- og psykiatritenesta i Bokn kommune» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS med den/desse endring/ane:

- det er eit ønskje om at rapporten blir klår før mai 2019.
 -
- Ramma vert sett til 76 timer.

Handsaming i kontrollutvalet 07.11.18:

Revisor refererte melding frå forvaltningsrevisor om prosjektplan. Prosjektet vil sjå på system og rutinar. Framdrifta er basert på at aktuelle dokument blir oversendt frå kommunen. Rådmannen orsaka at førre oppmoding om dokumentinnsending hadde kome skeivt ut og lova betring, sjølv om dei hadde utfordringar med avgrensa kapasitet og bemanning.

Utvalet hadde inga framlegg til endringar eller tillegg, og sluttar seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.11.18:

Bokn kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Rus- og psykiatritenesta i Bokn kommune» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre fra Deloitte AS med denne endringa: det er eit ønskje om at rapporten blir klar før mai 2019.

Ramma vert sett til 76 timer.

SAK 19/18 REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2018

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tar revisjonsplan 2018 fra Deloitte AS og presentasjon fra oppdragsansvarleg revisor til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 07.11.18:

Revisor orienterte om planen, som er lik dei for tidlegare år. Ho gjorde greie for omfang og angrepssvinklar, orienterte om vesentlegheitsgrenser, fokusområder, verdiar og eigenerklæring. Dei hadde starta interimsrevisjonen i dag og ho hadde sett nærmere på rutinar og system. Ho merka seg at enda fleire oppgåver var lagt til økonomisjefen, som følgje av ei mindre stilling ved økonomiavdelinga var inndratt i løpet av året.

Merknadene til revisjonsrapport for rekneskapen for 2017 var ikkje blitt retta opp, og tilbakemelding til kontrollutvalet med frist 1. november var heller ikkje følgt opp av rådmannen. Ho viste her til manglande oppdatert anleggsregister og finansreglement. Rådmannen viste igjen til utfordringar med kapasitet og bemanning, men han ville prøve å få lagt fram sak om finansreglement på nyåret. Revisor gav tips om andre kommunar sitt reglement.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.11.18:

Bokn kontrollutval tar revisjonsplan 2018 fra Deloitte AS og presentasjon fra oppdragsansvarleg revisor til orientering.

SAK 20/18 MØTEPLAN FOR 2019 - KONTROLLUTVALET

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2019:

onsdag 13.02, onsdag 22.05, onsdag 04.09 eller 18.09 og onsdag 20.11 eller 04.12 kl. 17.00.

Utvalsekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 07.11.18:

Utvalsekretären orienterte om framleggget. Utvalet drøfta aktuelle datoar og blei samd om å velje datoane 18.09 og 20.11.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.11.18:

Bokn kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2019:

onsdag 13.02, onsdag 22.05, onsdag 18.09 og onsdag 20.11 kl. 17.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

SAK 21/18 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 07.11.18

29. Statusrapport pr. oktober 2018
30. Deloitte – framdrift i forvaltningsrevisjon om sjukefråvær i skule/barnehage 16.10.18
31. Haugesunds Avis sin leder 05.09.18 om selskapskontroll av Karmsund Havn IKS
32. Kommunaldepartementet 26.06.18 – svar på henvending om møteoffentlighet
33. Kommunal rapport – professor Bernt svarar – retten til å stille spørsmål til ordførar
34. Kommunaldepartementet 15.10.18 – avlysing av møter i folkevalte organ
35. Haugaland Kraft AS – innkalling til ekstraordinær generalforsamling 26.11.18
36. HIM IKS – innkalling til representantskapsmøte 28.11.18
37. Haustkonferansen 2018– Forum for kontrollutval i Rogaland – 22.11.18-påmelding

Handsaming i kontrollutvalet 07.11.18:

Utvalssekretær gjekk gjennom referatsakene. Ingen hadde høve til å delta på konferansen. Utvalet hadde elles ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.11.18:

Referatsakene 29 - 37 blir tatt til orientering.

Eventuelt

Forsinka budsjettprosess 2019 og vanskeleg budsjettsituasjon

Rådmannen informerte under sak 18/18 at budsjettprosessen var blitt forsinka. Rådmannen sitt framlegg skulle vore lagt fram denne veka. Det skyldast at kommunen seint i haust har fått melding om at frå neste år vil kommunen få store kostnader innan pleie og omsorg for ein enkeltbrukar. For å dekkje desse millionkostnadene og at regjeringa har varsla redusert rammetilskot og forventa tap av eigedomsskatt (kompensasjonen er usikker), vil det i år vere ei svært vanskeleg situasjon å få budsjettet i balanse. Han viste også til at Bokn i år, som i dei andre kommunane på Haugalandet, viste ein negativ trend når det gjaldt innbyggartal.

Utan hjelp av skjønnsmidlar, meinte rådmannen at drifta i verste fall måtte kuttast med 10-15 % - ein svært dramatisk situasjon. Han og ordfører skulle måndag ha eit møte med fylkesmannen. Budsjettframlegget vil bli endeleg handsama av kommunestyret i løpet av desember. Utvalet uttrykte, som rådmannen, uro for kommuneøkonomien og vegen vidare.

Bokn Arena og Bokn Arena Event

Revisor hadde same dag meldt frå til sekretariatet at ho frå tilsette hadde møtt frustrasjon rundt styring, administrasjon og manglende informasjonsflyt av og om Bokn Arena, og om utgifter var generert av kommunen eller foreininga Bokn Arena Event. Ordførar, som styreleiar, har tidlegare vore innkalla til kontrollutvalet 15.02.17, i sak 2/17 for å orientere om foreininga og sine ulike roller.

Rådmannen ville ta tak i dette ved å sjå om det var mogleg å få til betre rutinar for når det gjeld romreservasjon, ta hand om nøkkelbestilling og endring i uteigereglement av bygget. Utvalet var imponert over ordførar og varaordførar sitt engasjement for bygget og kommunen generelt, men dei var også oppteken av at bruk, uteleige og låsing fekk gode system og at låsing av bygg skapte urealistiske forventningar til nye folkevalde.

Neste møte

Neste møte blir onsdag **13. februar 2019**.

Førerels saker: Forvaltningsrevisjonsrapport «Sjukefråver i skule og barnehage», oppfølging av rapport «Plan, byggesak og eigedom», tilbakemelding om revisorrapport for rekneskapen 2017 og utvalet si årsmelding 2018.

Bokn, 7. november 2018

Lars Øyvind Alvestad
Utvalseleiar (sign.)


Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	18.03.19	2/19
Kommunestyret	14.05.19	
Saksansvarleg: Toril Hallsjø	Arkivkode: 216	Arkivsak:

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «SJUKEFRAVÆR I SKULE OG BARNEHAGE»

Vedlegg: Rapport «Sjukefravær» – utarbeida av Deloitte AS mars 2019

Bakgrunn:

Kontrollutvalet bad i møtet 28.02.18, sak 3/8 revisjonen leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon innanfor temaet «sjukefråver innan skule og barnehage» til neste møte. Temaet er blant dei uprioriterte prosjekta i Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020, som vart vedteken i kommunestyret 15.11.16, sak 58/16.

Føremålet med prosjektet er å undersøke korleis Bokn kommune arbeider med å redusere sjukefraværet innan skule og barnehage og om arbeidet blir utført i samsvar med regelverk, kommunale rutinar og inngåtte avtalar.

Utvalget vedtok i møtet 22.05.18, sak 8/18 følgjande:

Bokn kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Sjukefråver innan skule og barnehage i Bokn kommune» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre fra Deloitte AS. Ramma vert sett til 76 timer.

Med bakgrunn i føremålet blei det formulert følgjande problemstillingar:

1. *Har kommunen utarbeidd tydelege mål og tilhøyrande overordna tiltak knytt til sjukefråversarbeidet i skule og barnehage?*
2. *I kva grad når Bokn kommune dei måla som er sett knytt til sjukefråver innanfor skule og barnehage?*
3. *Har kommunen tilstrekkeleg god oversikt over sjukefråver og årsakar til sjukefråver i skule og barnehage?*
4. *I kva grad sikrar kommunen at tilsette innanfor skule og barnehage som er sjukemeldte blir følgt opp i samsvar med regelverket og eigne rutinar?*

Deloitte varsla i august 2018 at dei låg ein månad etter frist då dei ikkje hadde fått nausynt dokumentasjon frå kommunen, då kommunen hadde glømt henvendinga i juni. Dokumenta var heller ikkje motteken i september, og utvalet vedtok då i møtet 17.09.18 følgjande:

Bokn kontrollutval forventar at nausynt dokumentasjon til tinga forvaltningsrevisjonsprosjekt blir sendt til revisor og at rådmannen ordnar opp slik at forvaltningsrevisjonsprosjeket »Sjukefråver i skule og barnehage» blir om mogleg ikkje ennå meir forsinka frå tidlegare tidsplan.

I følgje løypemelding frå revisor 16.10.18 hadde ho ennå ikkje fått dokumentasjon, men var lova det i neste veke. Ho skreiv at det difor ikkje var sannsynleg at revisjonen ville klare å levere rapport før jul. Meldinga blei lagt fram for utvalet til møtet 07.11.18.

I løypemelding frå revisor 04.02.19 skreiv ho mellom anna:

Som du vet fikk vi dokumentasjonen knyttet til forvaltningsrevisjon av sjukefråvær i skule og barnehagar i Bokn kommune alt for sent. Fristen var opprinnelig satt til 20. august 2018 for kommunen til å sende oss etterspurt dokumentasjon, mens vi mottok siste dokument 12. november 2018. Vi hadde håpet at vi skulle klare å ferdigstille rapport fra prosjektet til møtet som er planlagt 13.2.2019, men vi er dessverre ikke helt i mål.

Mye av rapporten er skrevet, men vi trenger å gjennomføre et intervju med kommunen. Som du sikkert forstår betyr forskyvingen knyttet til oversendelsen av dokumentasjonen, at vi må gjennomføre prosjektet på toppen av andre oppgaver som allerede var planlagt for desember og januar, og vi var nok litt for optimistiske med hensyn til at vi skulle klare dette frem til møtet nå i februar.

Deloitte har nå fått gjennomført prosjektet. Rapport blei oversendt til sekretariatet 08.03.19.

Rapporten har vore på høyring til rådmannen, og høyringssvaret, dagsett 06.03.19, er tatt inn i rapporten som vedlegg 1. Rådmannen og kommunalsjef tenester har ikkje nokre merknader til rapporten.

Revisjonen har gjennomgått dokumentasjon knytt til prosjektet, har gjennomført to intervjuar (kommunalsjef tenester og barnehagestyrar) og avklaringssamatale med kommunalsjef/ass. rådmann.

Saksutgreiing:

Rapporten inneheld innleiingsvis eit samandrag av hovudbodskapen i revisor sine funn. Her kjem også revisor sine vurderingar fram. Føremål, problemstillingar, metode og revisjonskriteria vert presentert i kapittel 1. Revisjonskriterium vert nærmare presentert i kapittel 2, datagrunnlag i kapittel 3 og vurderingar i kapittel 4. Konklusjon og tilrådingar kjem fram i kapittel 5.

I vedlegget elles følgjer oversyn over sentrale dokument og litteratur.

Revisjonen har kome med følgjande konlusjon og tilrådingar:

Undersøkinga viser at Bokn kommune har god oversikt over sjukefråværet og årsakene til sjukefråvær i skule og barnehage. Revisjonen meiner vidare at Bokn kommune har sett i verk gode tiltak for å sikre at sjukemeldte blir følgt opp i samsvar med regelverket.

Samtidig meiner revisjonen at det ikkje er tilfredstillande at kommunen ikkje har følgt opp IA-avtalen for perioden 2014-2018. Det er ikkje utarbeidd handlingsplan med tiltak saman med dei tilsette som ledd i oppfølginga av avtalen, og målsettingar for sjukefråværssarbeidet er ikkje oppdaterte. Revisjonen vil vidare understreke viktigheita av at kommunen sikrar at arbeidsmiljøutvalet (AMU) fungerer tilfredstillande. Per februar 2019 har kommunen ikkje hovudverneombod og det er ikkje skrive referat frå dei tre møta AMU hadde i 2018.

Basert på funn og vurderingar i undersøkinga tilrår revisjonen at Bokn kommune:

- 1. sikrar systematisk oppfølging av IA avtalen i samsvar med gjeldande avtale,***
- 2. sikrar at målsettingar for sjukefråværssarbeidet er oppdaterte, og vurderer å utarbeide eigne mål og tiltak knytt til sjukefråvær i barnehage og skule slik at desse er tilpassa verksemndene,***
- 3. sikrar at hovudverneombod blir valt og at det blir skrive referat frå møta i arbeidsmiljøutvalet.***

Konklusjon:

Sekretariatet har gjort ei vurdering rapporten og funne at rapporten er av god kvalitet ihht. standardkrava til forvaltningsrevisjonsrapportar (RSK 001), og at den er i samsvar med kontrollutvalet si bestilling og vedtatt prosjektplan. Val av revisjonskriterier er relevante sett opp mot problemstillingane. Revisor sine vurderingar og tilrådingar er vidare basert på innsamla materiale, revisjonskriteria og dei metodiske avgrensingane.

Resultatet etter forvaltningsrevisjonen viser at kommunen har forbettingspotesiale, i og med at undersøkinga avdekker at kommunen ikkje har følgt opp IA-avtalen og pr februar ikkje har eit hovudvernombud og tre referat frå AMU manglar. Sekretariatet vil på den bakgrunn tilrå at kontrollutvalet ber kommunestyret vedta at revisjonen sine tilrådingar blir følgt opp.

Kontrollutvalet er etter kontrollutvalsforskrifta § 12 pålagd ein oppfølging av kommunestyret sitt vedtak. Det kan her vere naturleg at rådmannen blir bede om å gje ei tilbakemelding på kva som er gjort når det gjeld forhold som må rettast opp. Sekretariatet vil tilrå at det vert sett ein frist for rådmannen til når kommunestyret via kontrollutvalet får tilbakemelding om status for tilrådingane.

Ein forvaltningsrevisjonsrapport skal systematisk følgjast opp for å sikre at forvaltinga set i verk tiltak for å rette opp påviste avvik/svakheiter og kontrollutvalet må sørge for at kommunestyrets vedtatte merknader til rapporter følgast opp. Sekretariatet brukar å tilrå at slik oppfølging skjer fra 6 til 12 måneder etter at rapporten er vedtatt av kommunestyret.

I denne saka vil sekretariatet tilrå ein frist på 6 månader frå kommunestyrevedtak. Neste aktuelle møtedato er i mai, men rådmannen bør likevel snarast få ordna opp når det forholda knytte til AMU og det andre knytta til oppfølging av sjukefråverarbeidet..

Det er kommunestyret som fattar endeleg vedtak i saken. Forskrift om kontrollutval slår fast at kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i saker om forvaltningsrevisjon.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

1. *Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte sin forvaltnings-revisjonsrapport «Sjukefravær i skule og barnehage i Bokn kommune» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tre tilrådingar.*
3. *Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Aksdal, 11.03.19

Toril Hallsjø (sign.)
utvalssekretær

VEDLEGG

SAK 2/19

Deloitte.

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 08.03.19
Journalført: 19.03.19
Arkivkode: 216



Forvaltningsrevisjon | Bokn kommune
Sjukefråvær i skule og barnehage

Mars 2019

«Forvaltningsrevisjon av
sjukefråvær i skule og barnehage»

Mars 2019

Rapporten er utarbeidd for Bokn
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Samandrag

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av sjukefråvær i skule og barnehage i Bokn kommune. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Bokn kommune i sak 8/18 den 22. mai 2018. Oppdraget er gjennomført i tidsrommet juni 2018 til februar 2019.

Føremålet med prosjektet har vore å undersøke korleis Bokn kommune arbeider med å redusere sjukefråværet innan skule og barnehage, og om arbeidet blir utført i samsvar med regelverk, kommunale rutinar og inngåtte avtalar. Revisjonen har gjennomført analyse av statistikk, dokument og gjennomført intervju og avklaringssamtaler for å innhente informasjonsgrunnlag til rapporten

Undersøkinga viser at Bokn kommune har god oversikt over sjukefråværet og årsakene til sjukefråvær i skule og barnehage. Revisjonen meiner vidare at kommunen har sett i verk gode tiltak for å sikre at sjukemeldte blir følgt opp i samsvar med regelverket.

Samtidig meiner revisjonen at det ikkje er tilfredstillande at kommunen ikkje har følgt opp IA-avtalen for perioden 2014-2018. Det er ikkje utarbeidd handlingsplan med tiltak saman med dei tilsette som ledd i oppfølginga av avtalen. Revisjonen vil vidare understreke viktigheita av at kommunen sikrar at arbeidsmiljøutvalet (AMU) fungerer tilfredstillande. Per februar 2019 har kommunen ikkje hovudverneombod og det er ikkje skrive referat frå dei tre møta AMU hadde i 2018.

Revisjonen sine tilrådingar går fram av kapittel 4 i rapporten

Innhold

Samandrag	3
1. Innleiing	6
2. Revisjonskriterium	7
3. Datagrunnlag	10
4. Vurdering	14
5. Konklusjon og tilrådingar	15
Vedlegg 1 : Høyringsuttale	16
Vedlegg 2 : Sentrale dokument og litteratur	17

Detaljert innholdsliste

Samandrag	3
1. Innleiing	6
1.1 Bakgrunn	6
1.2 Føremål og problemstillingar	6
1.3 Metode	6
1.4 Revisjonskriterium	6
2. Revisjonskriterium	7
3. Datagrunnlag	10
3.1 Om tenesteområdet	10
3.2 Mål og overordna tiltak i sjukefråværsarbeidet i skule og barnehage	10
3.3 Måloppnåing knytt til sjukefråvær	11
3.4 Oversikt over sjukefråvær og årsakar til sjukefråvær	12
3.5 Oppfølging av sjukemeldte	13
4. Vurdering	14
5. Konklusjon og tilrådingar	15
Vedlegg 1 : Høyningsuttale	16
Vedlegg 2 : Sentrale dokument og litteratur	17

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av sjukefråvær i skule og barnehage i Bokn kommune. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Bokn kommune i sak 8/18 den 22. mai 2018.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet har vore å undersøke korleis Bokn kommune arbeider med å redusere sjukefråværet innan skule og barnehage, og om arbeidet blir utført i samsvar med regelverk, kommunale rutinar og inngåtte avtalar.

Med bakgrunn i føremålet blei det utarbeidd følgjande problemstillingar:

1. Har kommunen utarbeidd tydlege mål og tilhøyrande overordna tiltak knytt til sjukefråværsarbeidet i skule og barnehage?
2. I kva grad når Bokn kommune dei måla som er sett knytt til sjukefråvær innanfor skule og barnehage?
3. Har kommunen tilstrekkeleg god oversikt over sjukefråvær og årsakar til sjukefråvær i skule og barnehage?
4. I kva grad sikrar kommunen at tilsette innanfor skule og barnehage som er sjukemeldte blir følgt opp i samsvar med regelverket og eigne rutinar?

1.3 Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring har vore underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Oppdraget er gjennomført i tidsrommet juni 2018 til februar 2019.

1.3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak har blitt gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare har informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m. blitt samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon har blitt vurdert opp mot revisjonskriteria.

1.3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder har Deloitte intervjuia leiarar med ansvar for førebygging og oppfølging av sjukefråvær i kommunen. Vi har gjennomført to intervju/avklaringar per e-post, eit med kommunalsjef for tenester og eit med styrar i barnehagen. Revisjonen har også gjennomført ein avklaringssamtale med kommunalsjef administrasjon/assisterande rådmann. Sidan rektor ved skulen er ny i stillinga frå desember 2018, har vedkommande avgrensa erfaring med oppfølging av sjukemeldte i Bokn. Vedkommande er derfor ikkje intervjua.

1.3.3 Verifiseringsprosessar

Rapporten er sendt til rådmannen for verifisering og høyring. Rådmannen sin høyringsuttale er lagt ved rapporten i vedlegg 1.

1.4 Revisjonskriterium

Revisjonskriteria er dei krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal bli vurdert opp mot. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon. Desse er presentert i kapittel 2.

2. Revisjonskriterium

2.1.1 Krav til systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid

Arbeidsgjever har etter arbeidsmiljølova eit ansvar for å sikre at det er tatt omsyn til arbeidstakarane si helse, miljø og tryggleik, og for å sørge for at det blir utført systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid (HMT) på alle plan i verksemda.¹

Etter regelverket skal helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet omfatte følgande:²

- a) fastsette mål for helse, miljø og sikkerhet,
- b) ha oversikt over virksomhetens organisasjon, herunder hvordan ansvar, oppgaver og myndighet for arbeidet med helse, miljø og sikkerhet er fordelt,
- c) kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risikoforholdene i virksomheten, utarbeide planer og iverksette tiltak for å redusere risikoen,
- d) under planlegging og gjennomføring av endringer i virksomheten, vurdere om arbeidsmiljøet vil være i samsvar med lovens krav, og iverksette de nødvendige tiltak,
- e) iverksette rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelser av krav fastsatt i eller i medhold av denne lov,
- f) sørge for systematisk arbeid med forebygging og oppfølging av sykefravær,
- g) sørge for løpende kontroll med arbeidsmiljøet og arbeidstakernes helse når risikoforholdene i virksomheten tilsier det, jf. bokstav c,
- h) foreta systematisk overvåking og gjennomgang av det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet for å sikre at det fungerer som forutsatt.

Vidare skal arbeidsgjever ifølge arbeidsmiljølova § 5-1 og folketrygdlova § 25-2 føre statistikk over sjukefravær.

2.1.2 Plikt til å innføre og utøve internkontroll

Internkontroll er etter internkontrollforskrifta definert som systematiske tiltak for å sikre at verksemda sine aktivitetar blir planlagt, organisert, utført og halde ved like i samsvar med krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslovgivinga.³

I § 4 går det fram at den som er ansvarleg for verksemda skal sørge for at det innførast og utøvast internkontroll i verksemda og at dette blir gjort i samarbeid med arbeidstakarane og deira representantar. Det blir i same paragraf presisert at arbeidstakarane har plikt til å medverke ved innføring og utøving av internkontroll.⁴ I ein kommentar til internkontrollforskrifta blir ansvaret for å innføre og utøve internkontroll nærmare presisert:

Plikten til å innføre og utøve internkontroll påhviler «den som er ansvarlig» for virksomheten. Med dette menes virksomhetens ledelse/eier. Hvem, eller hvilke funksjoner dette kan være, varierer etter hvordan virksomheten er organisert. Selv om internkontroll må utøves på alle nivåer i virksomheten, tilligger

¹ Arbeidsmiljølova (§ 3-1)

² Arbeidsmiljølova (§ 3-1, 2. pkt.)

³ Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (§ 3)

⁴ Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (§ 4)

hovedansvaret for å sette i gang arbeidet («innføre» internkontroll) og å holde det i gang («utøve» internkontroll) det øverste nivået i virksomheten.

Vidare går det fram at:

I § 4 første ledd ligger også at den som er ansvarlig har plikt til å sørge for at internkontrollen blir overvåket og gjennomgått for å sikre at den fungerer som forutsatt. I dette ligger en plikt til at internkontrollen vurderes kontinuerlig slik at mangler kan fanges opp. Innbakt i plikten ligger også at det med jevne mellomrom foretas en fullstendig gjennomgang, dvs. en revisjon av hele det systematiske arbeidet jf. § 5 annet ledd nr. 8.⁵

§ 5 i internkontrollforskrifta stiller krav til innhaldet i det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet og krav til dokumentasjon. Her går det fram at internkontroll inneberer at verksemda skal:

1. sørge for at de lover og forskrifter i helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen som gjelder for virksomheten er tilgjengelig, og ha oversikt over de krav som er av særlig viktighet for virksomheten
2. sørge for at arbeidstakerne har tilstrekkelig kunnskaper og ferdigheter i det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet, herunder informasjon om endringer –
3. sørge for at arbeidstakerne medvirker slik at samlet kunnskap og erfaring utnyttes –
4. fastsette mål for helse, miljø og sikkerhet (må dokumenteres skriftlig)
5. ha oversikt over virksomhetens organisasjon, herunder hvordan ansvar, oppgaver og myndighet for arbeidet med helse, miljø og sikkerhet er fordelt (må dokumenteres skriftlig)
6. kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og tiltak for å redusere risikoforholdene (må dokumenteres skriftlig)
7. iverksette rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelser av krav fastsatt i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhets- lovgivningen (må dokumenteres skriftlig)
8. foreta systematisk overvåkning og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som forutsatt (må dokumenteres skriftlig)

Vidare står det at internkontrollen skal dokumenterast i den form og det omfang som er naudsynt på bakgrunn av verksemda si art, aktivitetar, risikoforhold og storleik, og at skriftleg dokumentasjon skal minst omfatte ledd nr. 4) til og med nr. 8) i § 5.

2.1.3 Krav til arbeidsmiljøutval

Verksemder med meir enn 50 tilsette skal etter arbeidsmiljølova § 7-1 ha eit arbeidsmiljøutval (AMU). Blant AMU sine oppgåver ligg mellom anna at utvalet skal følgje utviklinga i spørsmål som angår arbeidstakarane sin tryggleik, helse og velferd. Utvalet skal også gjennomgå alle rapportar om yrkessjukdommar, arbeidsulykker og tilløp til ulykker for å søke å finne årsaker, og hindre gjentaking, samt gjennomgå alle rapportar om yrkeshygieniske undersøkingar og måleresultat.⁶

AMU skal vidare behandle «etablering og vedlikehold av virksomhetens systematiske helse-, miljø og sikkerhetsarbeid jf. § 3-1».⁷

2.1.4 Oppfølging av sjukmeldte arbeidstakarar

Arbeidsgjevar er etter arbeidsmiljølova § 3-1 mellom anna pålagt å sørge for oppfølging av sjukefråvær.

⁵ Kommentarer til forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter.

⁶ Arbeidsmiljølova § 7-2, 1, 2 og 3. ledd

⁷ Arbeidsmiljølova § 7-2, e).

Etter § 4-6 i arbeidsmiljølova skal arbeidsgjevar så langt det er mogleg sette i verk naudsynte tiltak for at ein arbeidstakar som har fått redusert arbeidsevne som følge av ulykke, sjukdom, slitasje o.l. skal kunne halde på eller få eit passande arbeid. Vidare går det fram at arbeidsgjever i samråd med arbeidstakar seinast fire veker etter at arbeidstakar har blitt heilt eller delvis borte frå arbeidet, skal ha utarbeidd ein oppfølgingsplan for tilbakeføring til arbeid.

Arbeidsmiljølova stiller vidare krav om dialogmøtemed den sjukemeldte etter sju veker der mellom anna bedriftshelsetenesta skal vere representert. Dersom sjukemeldinga held fram skal NAV dessutan innkalle til eit dialogmøte 2 seinast innan 26 veker.

Oppfølgingspliktene gjeld uavhengig av om arbeidstakar er heilt eller delvis sjukmeldt.

Det går fram av rettleiaren frå NAV at det skal utarbeidast oppfølgingsplan og gjennomførast dialogmøte, med mindre det er openbart unødvendig. Slike unntak vil vere for eksempel dersom arbeidstakar mest sannsynlig vil komme tilbake utan tilrettelegging, eller dersom det kan slåast fast at vedkommande ikkje vil vere i stand til å komme tilbake i arbeid. Arbeidstilsynet viser også til at i dei tilfella ein arbeidstakar ikkje vil medverke, vil arbeidsgjevar bli rekna som fritatt frå plikta til å utarbeide ein oppfølgingsplan.

2.1.5 Intensjonsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen)

Bokn kommune har inngått ein *samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv* (IA-avtale)⁸ for perioden 2014 – 2018. IA-avtalen skildrar mål ved samarbeidet mellom anna følgjande mål knytt til sjukefråvær⁹:

1. Sjukefråvær.
 - a. Utarbeide aktivitetsmål for sjukefråværsarbeidet og setje resultatmål for sjukefråværsutviklinga.

Av IA- avtalen til Bokn går det fram at

Virksomheten skal på bakgrunn av de tre delmålene i IA-avtalen fastsette egne mål for IA-arbeidet. Mål utarbeides i fellesskap av arbeidsgiver, tillitsvalgt, verneombud og øvrige ansatte innen 12 uker etter inngåelse av samarbeidsavtalen

Av IA-avtalen til Bokn går det vidare fram at kommunen to gonger i året skal sette IA-arbeidet på agendaen som ein integrert del av verksemda sitt arbeidsmiljøarbeid der både leiing, tillitsvalte og verneombod er representert.

⁸ Samarbeidsavtale om et mer inkluderende arbeidsliv. Intensjonsavtale 2014 -2018. Revidert versjon. Underskrive av representant frå Arbeids- og velferdsetaten og Bokn kommune 1. januar 2015.


⁹ Frå 2019 gjeld ny IA-avtale. Forvaltningsrevisjonen omfattar ikkje oppfølging av den nye avtalen.

3. Datagrunnlag

3.1 Om tenesteområdet

Organiseringa av administrasjonen i Bokn kommune går fram av figur 1 under.

Figur 1: Organisering av Bokn kommune



Som det går fram av organisasjonskartet i figuren over er det ein kommunalsjef for tenestene i kommunen, inkludert barnehage og skule (1.-10. trinn). Det er éin communal barnehage og éin grunnskule i kommunen.

Bokn kommune er ei IA-bedrift og har dermed forplikta seg til å arbeide systematisk for å nå måla i avtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv. Dette inkluderer å førebyggje sjukefråvær, auke fokuset på jobbnærværet og hindre utstøyting frå arbeidslivet.

3.2 Mål og overordna tiltak i sjukefråvårsarbeidet i skule og barnehage

3.2.1 Handlingsplan etter IA-avtalen

Bokn kommune har ikkje utarbeidd handlingsplan knytt til IA-avtalen for perioden 2014-2018.

Handlingsplanen kommunen har utarbeidd er for perioden 2011-2013. Kommunen viser til at i *Handlingsplan for IA 2011-2013* er dei tre delmåla frå IA-avtalen ført opp med tilknytte aktivitetsmål, tiltak, frist for gjennomføring og ansvarleg leiar. Under overskrifta *IA-mål 1* går det fram at målet er å «redusere sjukefråværet frå 6 % til 5 % innan 31. desember 2013».

Aktivitetsmål (1-5) og overordna tiltak (a, b) under IA-mål 1 er:

1. Innan 12 veker etter inngått IA-avtale skal verksemda ha fått på plass mål og rutinar for oppfølging av sjukemeldte.
 - a. Forankre sjukefråværssarbeidet i Arbeidsmiljøutvalet (AMU)
 - b. Følgje opp rutinar for oppfølging av sjukemeldte
2. Alle leiarane og medarbeidarane får opplæring i IA
 - a. Informasjon til alle tilsette
 - b. Opplæring av leiarane
3. Innan utgangen av juni 2011 skal verksemda ha utarbeidd aktivitetsmål og handlingsplan
 - a. Kartlegging av verksemda
 - b. Utarbeiding av aktivitetsmål og handlingsplan
4. Kommunen skal til ei kvar tid ha oversikt over alle langtidssjukemeldte
 - a. Skaffe oversikt over langtidssjukemeldte for å vurdere ev. tiltak
5. Kommunen utarbeidar ved behov tiltak for å få arbeidstakaren raskast mogeleg tilbake i arbeid
 - a. Utarbeide forslag

Det er vidare lagt inn korte skildringar under kvart tiltak. Under tiltaket «forankre sjukefråværssarbeidet i AMU» står det til dømes:

- Sjukefråværssoppfølging som fast sak i AMU
- Vurdere og evaluere mål, rutinar for oppfølging av sjukefråvær og handlingsplanar for IA-arbeidet, og sjå til at dette blir følgt opp.

Det går fram i handlingsplanen at punkt 2, 3a., 4 og 5 er kontinuerlege prosessar i kommunen, medan punkt 1 og 3b. er sett opp med frist for gjennomføring.

3.2.2 Status i IA-arbeidet per februar 2019

Handlingsplanen er gjeldande frå 2011 – 2013 og har ikkje vore revidert etter 2013. Revisjonen får opplyst at rådmannen si leiargruppe ser at det er behov for å revidere handlingsplan for IA. Kommunen ser for seg at dette revisjonsarbeidet vil starte opp etter at ny intensjonsavtale med NAV om IA-arbeid gjeldande frå 2019 er inngått. I slutten av februar 2019 opplyser kommunen at dei venter på initiativ frå NAV for å komme i gang med å følgje opp ny IA-avtale. Kontakt er etablert med NAV, men NAV har foreløpig ikkje hatt kapasitet til å følgje opp og gi kommunen rettleiing.

I intervju blir det kommentert at det generelt bør leggjast til rette for heilskapleg og systematisk IA-arbeid i kommunen, ettersom dette arbeidet ikkje blir følgt opp i dag. Revisjonen får opplyst at arbeidsmiljøutvalet (AMU) ikkje fungerer slik det bør i Bokn. Det blir mellom anna peika på at det sjeldan blir gjennomført møte og at IA-arbeidet ikkje blir følgt opp av AMU. Revisjonen får opplyst at det er gjennomført tre møte i AMU i 2018, men at referat frå møta ikkje er ferdigstilt. Revisjonen får vidare opplyst at kommunen har mangla hovudverneombod ei stund. Det blir opplyst at AMU drøftar sjukefråværstal i møta.

Kommunen opplyser samtidig at aktivitetsmål og tiltak likevel blir følgde slik dei står skildra i handlingsplanen frå 2011-2013, og at dette også er tilfelle i skule og barnehage. Som eit døme på at handlingsplanen er gjeldande viser kommunen til at einingsleiarane (alle med personalansvar) i mai 2018 var på kurs med tema "Lovkrav i sjukefråværssoppfølging" i regi av Nav arbeidslivsenter, og at dette samsvarar med det eine kontinuerlege aktivitetsmålet under IA-mål 1 i Handlingsplanen om å gi leiarar opplæring i tema knytt til sjukefråvær.

Revisjonen får også opplyst at IA-dokumentet med mål og aktivitetsmål ikkje er kjent i barnehagen. I intervju blir det opplyst at barnehagen sidan hausten 2017 har gjennomført sitt eige tiltak, prosjektet «Reine hender» som har retta merksemda mot systematisk handvask hos tilsette og føresette. Styrar i barnehagen opplyser at ho ser at prosjektet har innverknad på korttidsfråværet blant dei tilsette i barnehagen.

3.3 Måloppnåing knytt til sjukefråvær

I Handlingsplanen for IA gjeldande frå 2011 til 2013 hadde Bokn kommune sett seg som mål å redusere sjukefråværet i kommunen frå 6 % til 5 % innan utgangen av 2013. Etter dette har kommunen justert

dette måltalet. Det er ikkje sett eigne måltal for dei ulike einingane i kommunen og revisjonen legg til grunn at måltalet gjeld det samla sjukefråværet i kommunen.

Revisjonen har henta inn sjukefråværstal frå Kommunenes sentralforbund (KS) for å samanlikne Bokn med gjennomsnittet for kommunane i Noreg. Tabellen under viser oversikt over sjukefråværet i Bokn og gjennomsnittet for landet i perioden 4. kvartal 2017- 3. kvartal 2018:

Tabell 1 Sjukefråværet i Bokn og gjennomsnittet for landet i perioden 4.kvartal 2017- 3.kvartal 2018 – i prosent.

4.kvartal 2017- 3.kvartal 2018	Samla sjukefråvær	Legemeldt sjukefråvær	Eigenmeldt sjukefråvær	I arbeidsgjever- perioden (1-16 dagar)	Utanfor arbeidsgjever- perioden (over 16 dagar)
Kommunar i Noreg	9,84	8,45	1,39	4,19	5,65
Bokn kommune	8,36	7,42	0,94	3,45	4,91

Som det går fram av tabellen over var sjukefråværet i Bokn lågare enn gjennomsnittet for landet både når det gjeld samla sjukefråvær, legemeldt sjukefråvær, eigenmeldt sjukefråvær og korttids- og langtidssjukefråvær (sjukefråvær under og over 16 dagar). Det samla sjukefråværet på 8,36 % er likevel langt over målet på 5%.

Bokn kommunen har sendt over informasjon om sjukefråværet i skule og barnehage dei siste tre åra, som vist i tabell under.

Tabell 2: Sjukefråvær i skule og barnehage i Bokn kommune 2015 – 2018 – i prosent (kjelde: Bokn kommune).

Tidsrom	oktober 2015 – oktober 2016	oktober 2016 – oktober 2017	oktober 2017 – oktober 2018
Sjukefråvær skule (prosent)	6,1	4,2	7,8
Sjukefråvær barnehage (prosent)	8,0	13,0	5,8

Tabellen over viser at sjukefråværet i skulen gjekk ned frå 6,1 % til 4,2 % frå 2015/2016 til 2016/2017. Frå oktober 2017 til oktober i 2018 har sjukefråværet i skulen stige frå 4,2 % til 7,8 %. I barnehagen steig sjukefråværet frå 8 % til 13 % frå 2015/2016 til året etter. Det siste året har sjukefråværet i barnehagen gått ned frå 13 % til 5,8 %.

Revisjonen har elles fått opplyst at det samla sjukefråværet i 2018 var 4,8% i skulen og 7,6% i barnehagen. Skulen har dermed nådd sjukefråværsmålet til kommunen i 2018, medan barnehagen ikkje har lukkast med dette. Variasjonen i tala viser at periodane som blir samanlikna spelar ei rolle for tala. Det er relativt få tilsette i skulen (34 tilsette) og barnehagen (15 tilsette) slik at sjukefråvær hos få personar kan få store utslag på tala.

3.4 Oversikt over sjukefråvær og årsakar til sjukefråvær

Bokn kommune opplyser at sjukefråværet i skule og barnehage dei siste tre åra i stor grad er knytt til langtidssjukefråvær og at ein stor del er grunna langvarig sjukdom hos tilsette. Det går vidare fram at

sjukefråværet i skule og barnehage dei siste tre åra ikkje er registrert som arbeidsrelatert sjukefråvær, men at kommunen likevel kjenner til at nokre av tilfella truleg er knytt til arbeidsplassen.

Revisjonen får opplyst at det er mogleg for leirarar å hente ut fråværsstatistikk ned til individnivå i kommunen sit personalsystem Visma. Systemet gir oversikt over ulike typar fråvær. Av intervju går det fram at leiinga har oversikt over kven som har langtidsfråvær og kan få oversikt over personar med mykje korttidsfråvær for å følgje opp desse.

3.5 Oppfølging av sjukemeldte

I kommunen sin handlingsplan for IA er det sett opp fleire aktivitetsmål knytt til oppfølging av sjukemeldte. Det er vidare sett opp tiltak under kvart av aktivitetsmåla som skildrar korleis kommunen skal oppnå målet som er sett. Det står også ført opp kven som er ansvarleg for gjennomføringa og frist for tiltaka og/eller om det er ein kontinuerleg prosess i kommunen. Som nemnd var ikkje handlingplanen kjent i barnehagen og merksemda knytt til IA-arbeidet i kommunen har vore låg.

Bokn kommune har avtale om bedriftshelsetenester (BHT) gjennom AktiMed, og revisjonen har fått tilsendt kommunen sin samarbeidsplan for 2018 med bedriftshelsetenesta gjeldande for skule, kultur og barnehage. Planen inneholder prosjekt der kommunen kan få BHT om bistand. Revisjonen får opplyst at BHT deltar i dialogmøte med sjukemeldte.

Revisjonen får opplyst at kommunalsjef for tenester har retta merksemda mot oppfølging av sjukemeldte. Alle leirarar med personalansvar var på kurs i oppfølging av sjukemeldte ved NAV arbeidslivssenter i mai 2018. Vidare blir det opplyst at kommunalsjefen har utarbeidd laminerte plansjar til alle leirarar med ansvar for oppfølging av sjukemeldte med tydelige instruksjonar for korleis sjukemeldte skal følgjast opp i ulike fasar og kva spørsmål som kan bli stilt den enkelte arbeidstakar i dei ulike fasane.

Revisjonen får opplyst at kommunalsjef for tenester har enkeltvise møte med einingsleiariane med personalansvar kvar 14 dag der sjukefråværsoppfølging alltid står på agendaen. Kommunalsjef for tenester opplyser samtidig at ho ser at det er behov for at det blir jobba meir med temaet sjukefråvær i fellesskap på dei månadlege leiarmøta innan hennar ansvarsområde.

Revisjonen får opplyst at kommunen i arbeidet med å følgje opp sjukemeldte tilsette nyttar Nav sine oppfølgingsplanar og at tidsfristane som blir sett opp for til dømes dialogmøte blir etterlevd. Det går samtidig fram av intervju at det ved to tilfelle av planlagde langtidssjukemeldingar ikkje har blitt utarbeidd oppfølgingsplan fordi løpet for tilbakeføring til arbeid var lagt frå starten av sjukemeldingsperiodane.

Revisjonen får elles opplyst at tilrettelegging blir vurdert i kvart einskild tilfelle. Gjennom oppfølging av tilsette som er sjukemeldte har dei i kommunen erfart at tilrettelegging kan redusere fråværet, men understrekar at det i desse tilfellene er viktig å gå i dialog med legar. Det er legane som skal skildre kva vedkomande i sjukemelding kan utføre/ikkje utføre av oppgåver på arbeidsplassen, og ut frå denne vurderinga har verksemda eit betre grunnlag for å legge til rette arbeidet for den sjukemeldte. Frå kommunen blir det opplyst at einingsleiariane er gode på å legge til rette arbeidet for arbeidstakarar og at dei i desse tilfellene søker om tilretteleggingsmidlar gjennom Nav. Kommunen opplyser at det ikkje har vore registrert avvik knytt til oppfølging av sjukemeldte i skule eller barnehage dei siste tre åra.

4. Vurdering

Bokn kommune hadde i perioden 2011-2013 sett overordna mål med tilhøyrande tiltak for arbeidet med å førebygge og følgje opp sjukefråvær i samsvar med samarbeidsavtalen for eit meir inkludertande arbeidsliv som kommunen har inngått med Nav. Undersøkinga viser samtidig at Bokn kommune ikkje har følgt opp IA-avtalen for perioden 2014-2018 og mellom anna utarbeidd handlingsplan med tiltak saman med dei tilsette. Dette er etter revisjonen si vurdering ikkje tilfredstilande. Manglande oppfølging av IA-avtalen inneber at kommunen ikkje har evaluert og etablert nye og/eller oppdaterte mål og tiltak i sjukefråværarsarbeidet.

Revisjonen vil understreke at det er viktig at kommunen sikrar at AMU fungerer tilfredstilande. Dette inneber at det blir sikra at kommunen har valt hovudverneombod og at det blir skrive referat innan rimeleg tid etter møta. Revisjonen vil understreke viktigeita av å forankre sjukefråværarsarbeidet i AMU i samsvar med arbeidsmiljølova.

Som nemnd over har kommunen utarbeidd mål for sjukefråværarsarbeidet i kommunen for perioden 2011-2013. Det var ikkje utarbeidd særskilte mål og tiltak for sjukefråværarsarbeidet i skule og barnehage verken for denne perioden eller seinare. Revisjonen meiner kommunen som ledd i helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet bør vurdere å utarbeide eigne mål og tiltak knytt til sjukefråvær i barnehage og skule slik at desse er tilpassa verksemndene.

Når det gjeld måloppnåing viser undersøkinga ein del variasjon i sjukefråværet innan skule og barnehage i Bokn dei siste åra. Einingane har få tilsette slik at enkeltpersonar sitt fråvær får stor innverknad på sjukefråværstala. I 2018 var det samla sjukefråværet 4,8% i skulen og 7,6% i barnehagen. Skulen har derfor i denne perioden nådd sjukefråværsmålet slik dette var sett i handlingsplanen frå 2011-2013 om 5 % fråvær eller lågare, medan barnehagen ikkje lukkast med dette i 2018.

Basert på informasjonen som kjem fram i undersøkinga er det revisjonen si vurdering at kommunen har god oversikt over sjukefråværet og årsakene til sjukefråvær i skule og barnehage. Revisjonen meiner vidare at Bokn kommune har sett i verk gode tiltak for å sikre at sjukemeldte blir følgt opp i samsvar med regelverket både ved gjennomføring av kurs for alle leiatar med personalansvar, fast oppfølging av leiatar knytt til sjukefråvær og utarbeiding og distribusjon av informasjonsplansje.

5. Konklusjon og tilrådingar

Undersøkinga viser at Bokn kommune har god oversikt over sjukefråværet og årsakene til sjukefråvær i skule og barnehage. Revisjonen meiner vidare at Bokn kommune har sett i verk gode tiltak for å sikre at sjukemeldte blir følgt opp i samsvar med regelverket.

Samtidig meiner revisjonen at det ikkje er tilfredstillande at kommunen ikkje har følgt opp IA-avtalen for perioden 2014-2018. Det er ikkje utarbeidd handlingsplan med tiltak saman med dei tilsette som ledd i oppfølginga av avtalen, og målsettingar for sjukefråværssarbeidet er ikkje oppdaterte. Revisjonen vil vidare understreke viktigheita av at kommunen sikrar at arbeidsmiljøutvalet (AMU) fungerer tilfredstillande. Per februar 2019 har kommunen ikkje hovudverneombod og det er ikkje skrive referat frå dei tre møta AMU hadde i 2018.

Basert på funn og vurderingar i undersøkinga tilrår revisjonen at Bokn kommune

1. Sikrar systematisk oppfølging av IA avtalen i samsvar med gjeldande avtale
2. Sikrar at målsettingar for sjukefråværssarbeidet er oppdaterte, og vurderer å utarbeide eigne mål og tiltak knytt til sjukefråvær i barnehage og skule slik at desse er tilpassa verksemndene
3. Sikrar at hovudverneombod blir valt og at det blir skrive referat frå møta i arbeidsmiljøutvalet

Vedlegg 1: Høyringsuttale

Rådmannen skriv følgjande i sin høyringsuttale (e-post til revisjonen 6.mars 2019):

Hei,

Viser til mottatt forvaltningsrevisjon av sjukefråvær i skule og barnehage til verifisering og høyring.

Rapporten har vore vidaresend kommunalsjef tenester for gjennomgang og kommentar.

Kommunalsjef tenester har ingen kommentar til rapporten.

Rådmannen har førørig heller ikke merknader til rapporten.

Mvh

Jan Erik Nygaard

Rådmann Bokn kommune

Vedlegg 2: Sentrale dokument og litteratur

Lov og forskrift

- Arbeids- og sosialdepartementet: Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljølova). LOV-2005-06-17-62
- Arbeids- og sosialdepartementet: Lov om folketrygd (folketrygdlova). LOV-1997-02-28-19
- Arbeids- og sosialdepartementet: Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta). FOR-1996-12-06-1127
- Arbeids- og sosialdepartementet: Forskrift om føring av statistikk over sykefravær og fravær ved barns sykdom. FOR-1997-03-25-272

Lovforarbeid, rettleiarar med vidare

- Arbeids- og velferdsetaten (NAV): Veiledning for føring av statistikk over sykefravær og fravær ved barns sykdom. 12.08.2011
- Arbeids- og velferdsetaten (NAV): Slik følger du opp sykmeldte. Publisert 21.10.2014, sist endra 13.11.2018
- Arbeids- og sosialdepartementet: Intensjonsavtale om et mer inkluderende arbeidsliv (IA-avtalen). 04.03.2014 – 31.12.2018

Dokument frå Bokn kommune

- Handlingsplan for IA 2011-2013

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	18.03.19	3/19

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

OPPFØLGING AV ÅRSOPPGJERSBREV FOR REKNESKAPSÅRET 2017

Vedlegg: Deloitte sitt brev nr 1 – 2018 Bokn (årsoppgjersbrev, dagsett 22.05.18)

Bakgrunn

Kontrollutvalet vedtok samråystes i møtet 22.05.18, sak 9/18 følgjande:

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei tilbakemelding til utvalet innan 1. novembar på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgt opp.

Etter forskrift § 8 skal kontrollutvalet sjå etter at revisjonen sine merknader i revisjonsmelding og i årsoppgjersbrev blir følgt opp:

«Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet,, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.»

Grunnlaget for handsaminga av Bokn kommune sitt årsrekneskap for 2017 var rekneskapen med notar, rådmannen sin årsrapport og revisor si revisjonsmelding dagsett 22.05.18, som blei skreven ut i møtet. Totalt sett blei rekneskapen for 2017 gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk (driftsoverskot) på kr 5,6 mill. kr. Det utgjer 5 % driftsinntektene.

Revisor skreiv ut rein melding, dvs utan etterhald eller presiseringar, men tok opp i nummerert brev (åroppgjersbrev eller revisjonsrapport) følgjande forhold:

- manglar i anleggsregisteret,
- investeringsrekneskapen stemmer dårlig med budsjettet,
- mangalande budsjettreguleringar,
- manglande oppdatering av finansreglementet frå 2010.

Sekretariet oppmoda kontrollutvalet til å følgje opp det som kom fram i brevet ved å setje frist til 1. september for tilbakemelding om kva leiinga vil gjere med merknadene. Kontrollutvalet valde å skyve frista til 1. november.

Sekretariatet etterlyste tilbakemelding i haust og og på nyåret, og i e-post 05.03.19 skriv kommunalsjef tenester følgjande til sekretariatet:

Tilbakemelding:

Manglar i anleggsregisteret er fortsatt ikkje ajour. Dette er ein omfattande jobb som ein ikkje har hatt kapasitet til å gjera når bemanninga har vore redusert med ein 60 % stilling (av 2,6).

Investeringsrekneskapen. Her er budsjettendringane tatt inn i større grad enn tidlegare, det store avviket gjeld kompensasjon for mva som hverken er budsjettet som utgift eller inntekt.

I driftsrekneskapet har ein også fått med dei fleste budsjettendringane, det som er avviket her er tilskudd som den enkelte seksjon søker om til fylket eller departement, og som ikkje vert tatt med i dei kvartalsvise budsjettkontrollane. Dette har ein forsøkt å skjerpe inn og vonar at det vil betre seg i kommande år.

Nytt finansreglement vart vedtatt i kommunestyret den 18/12, sak 63/18.

Sekretariatet har gjort kommunalsjef, med kopi til rådmannen, merksam på at tilbakemeldinga må journaliserast og rådmannen bør godkjenne tilbakemeldinga. Dette ikkje motteken, men sekretariatet vel å leggje fram saka med overenemnde tilbakemelding.

Når det gjeld innhaldet i tilbakemeldinga, har sekretariatet forståing når det gjeld oppfølging av anleggsregisteret. Når det gjeld budsjettendringar er dette delvis tatt tak i og finansreglementet er no blitt oppdatert.

Revisor og rådmenn får kommentere saka nærmare i møtet

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kontrollutval tar rådmannen sin tilbakemelding på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen 2017 til orientering.

Aksdal, 11.03.19

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekreterær

Bokn kommune
5561 BOKN

Haugesund, 22. mai 2018

Att: Kontrollutvalget
Kopi: Rådmann
(journalføres)

Revisjonsrapport nr 6

REVISJONSRAPPORT FOR ÅRSREGNSKAPET 2017

Vi er nå i ferd med å avslutte revisjonen av årsregnskapet for Bokn Kommune for 2017. Vi vil i denne forbindelse knytte noen kommentarer til vårt arbeid og det fremlagte årsregnskap. Revisjonsrapportens formål er å gi en oppsummering av vesentlige forhold som vi er blitt kjent med i løpet av revisjonen.

I vår revisjon har vi gjennomført de revisjonshandlinger vi har ansett nødvendig for å få bekreftet at årsregnskapet ikke inneholder vesentlige feil eller mangler.

Etter vår mening har samarbeidet med kommunens ledelse og øvrig personale vært godt. Vi har fått den assistanse og de opplysninger vi har bedt om.

Kommunens ledelse er ansvarlig for å etablere og opprettholde en tilfredsstillende intern kontroll, herunder sørge for at regnskapsføringen er i samsvar med lov og forskrifter og at formuesforvaltningen er ordnet på betryggende måte.

Vi gjør oppmerksom på at vår gjennomgang av den interne kontroll er begrenset til den gjennomgang vi er pliktige til å utføre iht. god revisjonsskikk.

Vi konstaterer at det spesielt i forbindelse med ferieavvikling, er vanskelig å få til en tilfredsstillende arbeidsdeling i en liten kommune med få ansatte i økonomiavdelingen. Vi anbefaler at risikoen knyttet til manglende arbeidsdeling gjennomgås, og at det etableres kompenserende kontroller for å redusere risikoen for misligheter og feil.

Revisjonen gjennom året

Ved interimrevisjonen har vi på noen utvalgte regnskapsområder kartlagt og testet om vesentlige interne kontroller har fungert i heile regnskapsperioden. I tillegg har vi

benyttet analyser og kontrolltester som grunnlag for å vurdere kvaliteten på regnskapet. Videre har vi utført kontroll av vesentlige inntekts- og kostnadsposter i regnskapet. Vi har ikke avdekket forhold som var av en slik karakter eller størrelse at de fører til usikkerhet knyttet til det fremlagde årsregnskapet.

Revisjonen av årsoppgjøret

Ved vår revisjon av årsoppgjøret har vi lagt vekt på kontroll av fullstendighet av inntekter og gjeld, og gyldighet av eiendeler og kostnader.

Dokumentasjonen på årsregnskapet som er blitt lagt fram for revisjon har hatt tilfredsstillende kvalitet.

Vi har ved våre revisjonshandlinger ikke funnet vesentlige formelle eller materielle feil i det fremlagte regnskap som ikke er korrigert i det endelige regnskapet.

Bokføringsloven og dokumentasjon av regnskapet

Bokføringsloven (Lov 2004-11-19 nr 73) og bokføringsforskriften (Forskrift 2004-12-01 nr. 1558) ble fra 1. januar 2011 gjeldende for kommuner og fylkeskommuner, samt kommunale og fylkeskommunale selskap. Det betyr at disse må følge alle reglene i bokføringsloven § 2 til § 14. Videre må bokføringsforskriften kapittel 2 til 7 følges.

Bokføringslova med forskrifter inneholder enkelte nye krav samt viderefører en rekke krav fra tidligere lover og forskrifter. På flere områder betyr loven en innstramming jamfört med tidligere praksis. Bokføringsloven § 4 gir 10 grunnleggende bokføringsprinsipp som skal følges.

Ved utarbeiding av årsregnskap skal det etter bokføringsloven § 11 være dokumentasjon av alle balanseposter i regnskapet uten de som er ubetydelige.

Generelt er det fremlagt tilfredsstillende dokumentasjon på balanseposter, men på enkeltområder er det fortsatt forbedringspotensial vedrørende kvalitet på dokumentasjonen.

Anleggsregister

Revisor har heller ikke i år mottatt oppdatert anleggsregister, og informasjonen i note 12 Anleggsmidler, er ikke dekkende for balanseførte verdier. Vi har fått opplyst at tomteverdier for videresalg ikke er tatt inn note, og at dette utgjør differansen mellom informasjon i note og balanseførte verdier.

Vi ber om at det pr 31.12. foreligger et oppdatert anleggsregister og anbefaler at det gjøres en ny vurdering av ikke avskrivbare driftsmidler.

Investeringsregnskap

Det er fortsatt betydelige avvik mellom regnskap og budsjett i investeringsregnskapet. Vi har fått opplyst at dette skyldes at prosjekter går over flere år og resterende midler er satt på fond og brukt til å finansiere forbruket kommende år uten at dette er reflektert i budsjettet.

Revisjonen minner om at det i 2011 kom en ny veileder for budsjettering av investeringer og avslutning av investeringsregnskapet. Veilederen bygger på rammene og prinsippene i gjeldende lov og forskrift, og vi anmoder om at Bokn kommune for framtiden innretter seg i tråd med veiledingen.

Budsjettregulering og avslutning av regnskapet

Årets avslutning av driftsregnskapet viser avvik fra regulert budsjett. Bruk av fjorårets mindreforbruk er vedtatt disponert til disposisjonsfond i sak 25/17, uten at dette er fulgt opp med budsjettendringer. Det blir dermed avvik i forhold til regulert budsjett som presenteres i årsregnskapet.

Administrasjonen har ikke fulgt opp kommunestyrets vedtak om en mindre overføring til investeringsregnskapet.

Det er opplyst i note 20 at avsetning til bundne fond i tråd med selvkostregnskapet vil bli utført etter at regnskapet vedtas av kommunestyret. Det er vanlig praksis at dette utføres av administrasjonen i forbindelse med avslutning av regnskapet, da dette ikke er noe som kommunestyret kan velge å unnlate. Presentert regnskap tar dermed ikke hensyn til lovpålagt avsetning til selvkostfond på ca kr 108.000 for 2018.

Finansreglement

Revisjonen minner om at i henhold til forskrift skal «reglementet vedtas minst en gang i hver kommunestyreperiode». Denne bestemmelsen er ikke overholdt av Bokn kommune.

Dersom noe skulle være uklart i framstillingen ovenfor, eller at det er behov for hjelp i forbindelse med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre forhold, står vi gjerne til tjeneste.

Endelig utgave av regnskap og årsmelding ble oversendt revisjonen 15.5.2018 og er således avgjort for seint.

Deloitte.

Med vennlig hilsen
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor



Bokn kommune
Postmottak (via e-post)

5561 BOKN

Dykker ref.	Dykker dato	Vår ref.	Dato
		19/054/212/tha	29.01.19

PÅMINNING OM VEDTAK I KONTROLLUTVALET – MERKNADAR I REVISJONSRAPPORT FRÅ REVISOR TIL REKNESKAPEN FOR 2017

Sekretariatet vil minne om brev av 04.06.18 med oversending av vedtak i kontrollutvalet i sak 9/18 om rekneskapen for 2017.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei tilbakemelding til utvalet innan 1. november på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgt opp.

Vedlagt følger særutskrift fra møtet i Bokn kontrollutval 22.05.18, sak 9/18.

Forhold som er omtalt er: manglar i anleggsregisteret, investeringsrekneskapen stemmer därleg med budsjettet, manglande budsjettreguleringar og oppdatering av finansreglement frå 2010.

Sekretariatet hadde tilrådd frist til 1. september, men utvalet valte å setje ei frist til 1. november. Det var ikkje kome tilbakemelding til utvalet sitt møte 07.11.18, og heller ikkje nokon tilbakemelding no på nyåret.

Sekretariatet ber om å få tilsendt svar då tilbakemeldinga då vil bli lagt fram for kontrollutvalet i møtet 13. februar. Etter lova skal saksdokumenta bli sendt ut ei veke før og sekretariatet treng også tid til si handsaming, så seinast frist er **neste veke, 5. februar**.

Med helsing
Toril Hallsjø (sign)
Dagleg leiar

Vedlegg: Særutskrift 9/18

Kopi: Oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen
Ordførar

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	18.03.19	4/19
Kommunestyret	14.05.19	
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

KONTROLLUTVALET - ÅRSMELDING 2018

Vedlegg: Utkast til årsmelding for 2018

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal "kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget".

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemد i 2018 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2018 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Bokn kontrollutval godkjenner årsmelding for 2018 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

OG INNSTILLING:

Bokn kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2018 til orientering.

Aksdal, 11.03.19

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

VEOKRAG
SAK 4/19

BOKN KOMMUNE

KONTROLLUTVALET ÅRSMELDING

2018



Foto: T. Hallsjø

KONTROLLUTVALET
BOKN KOMMUNE

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp og handsama i 2018.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal "**kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret**".

1. KONTROLLUTVALET SITT FØREMÅL

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette. Utvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og det blei sist revidert i 2014.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Kommunestyret sjølv vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, (ny lov vil krevje fem). Etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemmer veljast mellom representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Utvalet kan heller ikkje vere valt inn i andre utval.

For perioden 2015 - 2019 valde kommunestyret hausten 2015 følgjande medlemmer:

	<u>Faste medlemmer</u>	<u>Varamedlemmer:</u>
Leiar	Lars Øyvind Alvestad (Ap)	Zuzanna Ufnal (Ap)
Nestleiar	Jørn Hansen (Uavhengig)	Tom-Inge Aksdal (H)
Medlem	May Jorunn Vatnaland (Sp)	Johannes Nilssen (Sp)

Jørn Hansen sit også i kommunestyret. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han møtt to gonger i 2018. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Han har sjølv møtt tre gonger, medan kommunalsjef forvaltning, drifts- og eigedomssjefen og IT-sjefen har møtt ein gong.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2018

Kontrollutvalet har hatt **4** (3) møte, fordelt på to møte om våren og to møte på hausten. Kontrollutvalet sine møte er opne for publikum og presse med unnatak av når det er heimel i lov om å lukke. Utvalet held sine møte i møterommet i 1. etasje på Boknatun.

Utvalet har hatt **21** (15) saker til handsaming der 3 (4) av sakene er vidaresendt til kommunestyret. Det er **37** (29) saker som er blitt lagd fram til orientering. Samla oversikt over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

Utvaleiar deltok på Kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) på Gardermoen i februar. Ingen av medlemmane deltok på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i juni eller dagskonferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes i november.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet handsama årsrekneskapen for 2017 i møtet 22.05.18. Totalt sett blei rekneskapen for 2017 gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot med kr 2 850 545. Kontrollutvalet kom med mellom anna følgjande merknad:

Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 5,6 mill. kr som utgjer 5% av driftsinntektene. Det er godt over teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.

Den økonomiske situasjonen for kommunen må likevel vurderast nøyne framover da kommunen sin økonomi er sårbar når gjeld rammetilskott, eigedomsskatt og innbyggjartal.

Kontrollutvalet har merka seg at revisjonen har kommentert at endelige rekneskap og årsmelding er oversendt 15.05.18 og såleis avgått altfor sent etter fristar i lov og forskrifter og forsvarleg sakshandsaming.

Kontrollutvalet vil oppfordre at kommunestyret ber administrasjonen følgje opp og setje inn ressursar knytte til dei forhold som er omtalt i revisor sin revisionsrapport/brev nr 6.

Revisjonsmeldinga blei skriven ut i møtet, etter at administrasjonen slutta seg til revisor si tilråding til å følgje reglane for avslutning av årsrekneskap når det gjaldt avsetning/bruk av disposisjonsfond.

Kontrollutvalet vedtok, igjen, at rådmannen skulle gje ei tilbakemelding til utvalet innan 1. november på korleis merknadene i revisionsrapporten var følgd opp. Frist blei ikkje halden og er etterlyst.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Bokn kommune sin plan for 2016-2020 blei vedteken av kommunestyret i møte 15.11.16, sak 59/16. I planen er det tatt inn fem prioriterte prosjekt og elleve uprioriterte prosjekt.

Utvalet bestilte i februar forvaltningsrevisjonsprosjekt om temaet «Sjukefråver i skule og barnehage». Ramma vart sett til 76 timer. Rapport skulle ha vore klår til hausten, men pga at revisor ikkje hadde fått tilsendt dei naudsynte dokumenta, vil rapporten fyrst bli lagt fram for utvalet våren 2019. Utvalet bestilte nytt prosjekt i november og dette prosjektet skal omhandle «Rus- og psykiatritenesta». Også dette prosjektet blei sett til 76 timer, og rapporten skal vere klår før mai 2019.

I kommunestyrevedtak 07.11.17, sak 48/17 blei det sett 12 månader for oppfølging av rapport «Plan, byggesak og eigedom». Pkt. 3 lød følgjande:

Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten og korleis den nye avtalen frå 01.09.17 med Karmøy kommune fungerer, innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Utvalet hadde ikkje fått tilbakemelding til november 2018, men vil følgje dette opp i 2019.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltinga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Plan for 2016-2020 og retningslinene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 15.11.16, sak 58/16 på bakgrunn av ei overordna analyse.

Samordna selskapskontroll av Karmsund Havn IKS blei vedteken og gjennomført i 2018. Rapport ble lagt fram for kommunestyret i juni, 19.06.18, sak 25. Det blei sett 12 månader for frist for tilbakemelding.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte..

Deloitte AS er kommunen sitt revisjonselskap. Avtalen gjeld fra 01.07.16 til 31.06.20 med opsjon til å forlenge avtalen med to år. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er partner Else Holst-Larsen. Ho har møtt i tre møte i 2018. Forvaltningsrevisorane held til i Bergen, og har i haust vore tilgjengeleg via telefon.

Deloitte AS har lagt fram uavhengighetserklæring, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimrevisjonsarbeidet og lagt fram prosjektplan for forvaltningsrevisjon om «Sjukefråver i skule og barnehage» og prosjektplan om «Rus- og psykiatritenesta». Arbeidet med rapporten er, som tidlegare omtalt, blitt forsinka.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga er gjennomført ved at utvalet har fått orienteringar frå rådmann om spørsmål og saker som utvalet har tatt opp.

Utvalet har i 2018 fått orientering om dei nye personvernreglane og kommunen sitt arbeid knytt til personvernlova og GDPR-forordning i maimøtet, etter ønske frå utvalet.

Utvalet bad i septembermøtet om en orientering om kommunen sine rutinar og planar for vedlikehald av bygg og anlegg til novembermøtet. Rådmanen hadde med seg drifts- og eigedomssjefen til møtet. Det kom fram at kommunen hadde inga vedlikehaldsplan, men kvart konkrete prosjekt vart omtalt i budsjett og økonomiplan. Utvalet peika på at det var viktig med dokumentasjon for overføring av kompetanse om bygga.

Rådmannen orienterte i same møtet om budsjettsituasjonen og om at i 2018 ville budsjetthandsaminga bli forsinka.

Det har elles i 2018 ikkje vore nokon innbyggjarar som har tatt kontakt med utvalet med ønskje om det vert sett fokus på eit emne eller konkret sak.

4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR TILSYN OG KONTROLL

	REGNSKAP 2017	KU SITT BUDSJETT 2018	VEDTATT BUDSJETT 2018	REGNSKAP 2018
Godtgjersle, kurs, m.m	41.991	58.000	49.800	25 476
Revisjonstenester	184.828	185.000	185.000	211 383
Sekretariatstenester	109.000	112 000	115 000	112 000
Sum utgifter eks. mva	335.819	355.000	349 800	348 859

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett for 2019 var på kr 362.000, med kr 58.000 til utvalet, kr 189.000 til revisjon og kr 115.000 til sekretariatstenester.

4.7 SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS blei etablert frå 2005 og vore i drift i 14 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har eigne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Bokn kommune er Daghild G. Alvestad valt til representantskapet i IKSet med Lillian Grønnestad som varamedlem. Alvestad møtte på representantskapsmøtet 23.04.18.

5. OPPSUMMERING

Møteaktiviteten har i 2018 vore som tidlegare år, men det har ikkje blitt lagt fram nokon forvaltningsrevisjonsrapport som planlagt, då denne er blitt forsinka. Det er tinga nytt prosjekt, som skal vere klår i 2019. Det har vore tinga og gjennomført selskapskontroll av Karmsund Havn IKS. Utvalet har bede om informasjon om personvernlova og om vedlikehald av bygg og anlegg. Administrasjonen har elles gjort greie for rekneskap, budsjett og andre aktuelle saker.

Bokn, 18.03.19

Lars Øyvind Alvestad
leiar

Jørn Hansen
nestleiar

May Jorunn Vatnaland
medlem

OVERSYN OVER SAKER – BOKN KONTROLLUTVAL 2018

Saker til handsaming:

- 1/18 Godkjenning av protokoll fra møtet 18.10.17
- 2/18 Deltaking i selskapskontroll – Karmsund Havn IKS
- 3/18 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2018
- 4/18 Kontrollutvalet si årsmelding 2017
- 5/18 Referat- og orienteringssaker 28.02.18

- 6/18 Godkjenning av protokoll fra møtet 28.02.18
- 7/18 Personvernlova og konsekvensar for kommunen med ny GDPR-forordning
- 8/18 Prosjektplan – forvaltningsrevisjon - « Sjukefråver i skule og barnehage»
- 9/18 Årsrekneskapen 2017 for Bokn kommune – kontrollutvalet sin uttale
- 10/18 Selskapskontroll – rapport - Karmsund Havn IKS
- 11/18 Referat – og orienteringssaker 22.05.18

- 12/18 Godkjenning av protokoll fra møtet 22.05.18
- 13/18 Revisor sin eigenerklæring for 2018
- 14/18 Budsjett for 2019 – kontroll og tilsyn – utvalet si innstilling
- 15/18 Val av nytt prosjekt for 2019
- 16/18 Referat – og orienteringssaker 05.09.18

- 16/18 Godkjenning av protokoll fra møtet 17.09.18
- 17/18 Rutinar og planar for vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
- 18/18 Prosjektmmandat – forvaltningsrevisjon – «Rus- og psykiatritenesta»
- 19/18 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2018
- 20/18 Møteplan for 2019 - kontrollutvalet
- 21/18 Referat – og orienteringssaker 07.11.18

Referat- og orienteringssaker 2018

1. Statusrapport pr. februar 2018
2. Kommunestyrevedtak 07.11.17, sak 48 – Forvaltningsrevisjonsrapport «Plan, byggesak og eigedom»
3. Teneste 1100 Kontroll og revisjon – rekneskap 2017 og budsjett 2018
4. Årsrapport og skatterekneskap 2017 - skatteoppkrevjaren for Bokn kommune
5. Kontrollrapport 2017 vedk. skatteoppkrevjaren for Bokn kommune
6. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2018
7. Rapport/evaluering fra Kontrollutvalskonferansen 07.- 08.02.18 på Gardermoen
8. Protokoll fra representantskapsmøte Haugaland Vekst IKS 15.12.17
9. Protokoll fra representantskapsmøte i HIM IKS 15.12.17
10. Invitasjon fra Forum for Kontroll og Tilsyn – fagkonferanse 29.-30.05.18 på Gardermoen

11. Statusrapport pr. mai 2018
12. Representantskapsmøtet 18.04.18 - Interkommunalt Arkiv Rogland IKS
13. Representantskapsmøtet 20.04.18 - Haugaland Vekst IKS
14. Representantskapsmøtet 23.04.18 - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
15. Hamnerådsmøtet 26.04.18

16. Innkalling til repr. skapsmøte 23.05.18 – Haugaland Interkommuale Miljøverk IKS
17. Innkalling til generalforsamling 11.06.18 – Haugaland Kraft AS
18. Kommunal Rapport 05.02.18 – Bernt svarer: Tausheitsplikt og lukket møte
19. Kommunal Rapport 07.05.18 – Bernt svarer: Komitémøte kan være fjernmøte
20. NKRF- veileder «God skikk og praksis for kontrollutvalgssekretariatene»
21. FKT - veileder «Hva kan kontrollutvalgene forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatene»
22. NKRF – framlegg til ny kommunelov bidrar til styrka eigenkontroll

23. Statusrapport pr. september 2018
24. Generalforsamlingsprotokoll 11.06.18 – Haugaland Kraft AS
25. Komm.styrevedtak 19.06.18, sak 22, Kontrollutvalet si årsmelding 2017
26. Komm.styrevedtak 19.06.18, sak 23, Godtgjersle for folkevalde – hausten 2019
27. Komm.styrevedtak 19.06.18, sak 25, selskapsrevisjon- Karmsund Havn IKS – rapport
28. Kommunal Rapport 12.08.18 – Debattinnlegg av NKRF- leder – «Tillit og kontroll»
29. Statusrapport pr. oktober 2018
30. Deloitte – framdrift i forvalningsrevisjon om sjukefråvær i skule/barnehage 16.10.18
31. Haugesunds Avis sin leder 05.09.18 om selskapskontroll av Karmsund Havn IKS
32. Kommunaldepartementet 26.06.18 – svar på henvending om møteoffentlighet
33. Kommunal rapport – professor Bernt svarar – retten til å stille spørsmål til ordførar
34. Kommunaldepartementet 15.10.18 – avlysing av møter i folkevalte organ
35. Haugaland Kraft AS – innkalling til ekstraordinær generalforsamling 26.11.18
36. HIM IKS – innkalling til representantskapsmøte 28.11.18
37. Haustkonferansen 2018– Forum for kontrollutval i Rogaland – 22.11.18 - påmelding

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	18.03.19	5/19

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 18.03.19**Vedlegg:**

1. Statusrapport pr. mars 2019
2. Påminning om oppfølging av forvaltningsrev.rapport fra 2017 vedk. avtalen med Karmøy
3. Teneste 1100 Kontroll og revisjon – rekneskap 2018 og budsjett 2019
4. Årsrapport og skatterekneskap 2018 - skatteoppkrevjaren for Bokn kommune
5. Kontrollrapport 2018 vedk. skatteoppkrevjaren for Bokn kommune
6. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2019
7. Protokoll fra representantskapsmøte i HIM IKS 28.11.18
8. Protokoll fra representantskapsmøte Haugaland brann og redning IKS 28.11.18
9. Protokoll fra representantskapsmøte Haugaland Vekst IKS 20.12.18
10. Generalforsamlingsprotokoll 21.01.19 – Haugaland Næringspark AS
11. Revisjonsavtalen – bruk av opsjon eller ny anbudsrende – til uttale hjå kommunene
12. Kort resyme om Haustkonferansen 22.11.19 i Sandnes v//sekretær
13. Kort resyme om Kontrollutvalgskonferansen 30.- 31.02.19 på Gardermoen v/sekretær
14. Frå Kommunal rapport - 31.01.19 – «Forvaltningsrevisjon utvikler lokaldemokrati»

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, meldingar og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Referatsaker 1 - 14 blir tatt til orientering

Aksdal, 11.03.19

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



Kontrollutvalet i Bokn

Statusoversikt mars 2019

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Rus- og psykiatritenesta	07.11.18	76 timer	Under arbeid	Vår/haust 2019	
Selskapskontroll					
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
«Sjukefråver i skule og barnehage»	22.05.18, sak 8/18	18.03.19, sak 2/19	14.05.19, sak	Hausten 2019	6 månadar etter vedtak
«Plan, byggesak og eigedom»	15.02.17, sak 3/17	18.10.17, sak /17	07.11.17, sak 48/17	Våren 2019	12 månadar etter vedtak
Selskapskontroll					
Karmsund Havn IKS	28.02.18, sak 2/18	22.05.18, sak 10/18	19.06.18, sak	12 månadar etter vedtak	7 t. av 180 t. KPMG AS
Andre saker					
Personvernlova		22.05.18			
Bokn Arena/ Event	-	15.02.17			

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp	Merknader
«Post/arkivhandtering i Bokn kommune»	03.09.15, sak 16/15	10.02.16, sak 2/16	08.03.16, sak 5/16	15.11.16, Sak 59/16	
« Tilpassing til Samhandlingsreforma»	04.09.14, sak 8/14	26.02.15, sak 3/15	17.03.15, sak 4/15	6 månader etter vedtak	
Selskapskontroll					
Haugaland Kraft AS og Hgl Næringspark AS	04.09.14, Sak 5/14	28.05.15, sak 9/15	16.06.15, sak 27/15	08.11.16, sak	
Andre saker					
Plan for forvaltnings-revisjon 2016-2020	26.11.15, sak 25/11	14.09.16, sak 16/16	15.11.16, sak 58/16	-	Deloitte
Plan for selskaps-kontroll 2016-20	26.11.15, sak 25/11	14.09.16, sak 17/16	15.11.16, sak 57/16	-	Deloitte

Bokn kommune
Postmottak (via e-post)

5561 BOKN

Dykker ref.	Dykker dato	Vår ref.	Dato
		19/055/216/tha	29.01.19

PÅMINNING OM OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT FRÅ 2017

Sekretariatet vil minne om brev av 23.10.17 med oversending av vedtak i kontrollutvalet i sak 11/17 og kommunestyret sitt vedtak av 07.11.17, sak 48/17. Kommunestyret gjorde følgjande vedtak etter innstilling fra kontrollutvalet:

1. *Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport «Plan, byggesak og eigedom i Bokn kommune» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten og korleis den nye avtalen frå 01.09.17 med Karmøy kommune fungerer, innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak*

Det har til no ikkje kome tilbakemelding til utvalet i desember og heller ikkje nokon no på nyåret.

Sekretariatet ber om å få tilsendt ei tilbakemelding, då denne vil bli lagt fram for kontrollutvalet i møtet 13. februar. Etter lova skal saksdokumenta bli sendt ut ei veke før og sekretariatet treng også tid til si handsaming, så seinast frist er **neste veke, 5. februar.**

Med helsing

Toril Hallsjø (sign)

Dagleg leiar

Vedlegg: Særutskrift 11/17

Kopi: Oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen

Ordførar



3

1 Bokn kommune (2018) - År/Periode 2018 1 - 12

	Buds(end) 2018	15.02.2019 Regnskap 2018
Teneste: 1100 Kontroll og revisjon		
1010 LØN I FASTE STILLINGAR	0	40,80
1080 GODTGJERSLE FOR FOLKEVALDE	0	9.500,00
1081 MØTEGODTGJERSLE FOLKEVALDE	12.300	1.200,00
1099 ARBEIDSGIVARAVGIFT	2.000	25476,- 1.514,45
1150 KURS	33.000	7.720,00
1160 REISEUTGIFTER OPPGÅVEPLIKTIG	1.000	0,00
1162 KM. GODTGJERSLE	0	238,00
1179 REISEUTGIFTER IKKE OPPGAVEPLIKTIGE	0	1.763,18
1196 KONTINGENTAR	1.500	3.500,00
1270 KONSULENTTENESTER	5.000	181.383,00
1370 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE / DRIFTSAVTAL	180.000	30.000,00
1375 KJØP FRA IKS DDEER KOMMUNEN SELV ER DELT	115.000	112.000,00
1429 MVA PÅ VEDERLAG, MVA-PLIKTIGE ANSKAFFELS	0	45.935,63
1729 KOMP.FOR MVA PÅ ANSKAFFELSER UTGIFTSFØRT	0	-45.935,63
Sum teneste: 1100 Kontroll og revisjon	349.800	348.859,43
T O T A L T	349.800	348.859,43

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 18.01.19
Journalsført: 19/037 /tha
Arkivkode: 232...

Gjeldende Skatteoppkrever
Arbeidsgiverkontroll Margin
Innfordring Skatteregnskap

Årsrapport

Årsrapport for 2018

**Skatteoppkreveneren for Bokn
kommune**

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet	3
1.1 Skatteoppkreverkontoret – organisering, ressurser og kompetanse.....	3
1.2 Internkontroll	4
1.3 Skatteutvalg	4
1.4 Skattekontorets kontroll av skatteoppkreverfunksjonen	4
2. Skatteregnskapet.....	4
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet.....	4
2.2 Vurdering av skatteinngangen	4
2.3 Margin	5
3. Innfordring av krav	5
3.1 Restanseutviklingen.....	6
3.2 Innfordringens effektivitet.....	7
3.3 Særnamskompetanse.....	8
4. Arbeidsgiverkontroll.....	8
4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen	8
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller	8
4.3 Resultater fra kontrollene.....	9
4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten.....	9
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører	10
4.6 Gjennomførte informasjons- og veiledningstiltak.....	10

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet

Skatteoppkreverne skal i henhold til Skatteoppkreverinstruksen § 2-9 nr. 1 utarbeide en årsrapport i samsvar med retningslinjer gitt av Skattedirektoratet. I henhold til § 3-3 nr. 2 skal skatteoppkreveren også utarbeide et årsregnskap som vedlegges årsrapporten.

Årsrapporten skal omhandle hvordan oppgavene skatteregnskap, innkreving og arbeidsgiverkontroll er ivaretatt ved skatteoppkreverkontoret.

1.1 Skatteoppkreverkontoret – organisering, ressurser og kompetanse

Organisering

Haugesund kemnerkontor skatteoppkrever for kommunene Haugesund, Tysvær, Bokn og Utsira.

Arbeidsgiverkontrollen gjennomføres av Haugaland arbeidsgiverkontroll. Dette er et interkommunalt samarbeid som består av kommunene Haugesund, Tysvær, Utsira, Bokn, Karmøy, Sveio, Vindafjord, Sauda og Suldal. Det er benyttet 357 dagsverk til kontroller for kommunene vi er skatteoppkrever for i 2018. Dette utgjør 1,7 årsverk.

Kemnerkontoret har 1,6 årsverk til arbeidsgiverkontroll. Disse benyttes til kontormessig kontroll; herunder utvelgelse av kontrollobjekter, veiledning av arbeidsgivere, oppfølging av a-meldinger, konkurser og anmeldelser.

Ressurser

For 2018 er det 9,2 årsverk ved kemnerkontoret som benyttes til skatteoppkreverfunksjonen. Dette gjelder samlet for kommunene Haugesund, Tysvær, Bokn og Utsira.

Tabellen viser ressursbruk ved skatteoppkreverkontoret, fordeling av årsverk per område

	Årsverk	%-andel fordelt
Skatteregnskap	1,5	16 %
Innfording	3,5	38 %
Arbeidsgiverkontroll	3,3	36 %
Administrative oppgaver	0,9	10 %
SUM	9,2	100 %

Vurdering av ressurssituasjon og kompetanse

Antall årsverk er 0,5 høyere enn på samme tid i fjor. Årsaken er at en ansatt er tilbake etter å hatt permisjon. Det har også vært en økning på 0,1 årsverk på arbeidsgiverkontroll for kommunene våre. Vi har mistet 0,6 årsverk ved at en av de ansatte har gått over i annen stilling i kommunen. Sykefraværet har de siste månedene av 2018 vært lavt og ressurssituasjonen er nå tilfredsstillende.

Kompetansen på kemnerkontoret er god. Vi er flere jurister og økonomer og de fleste har også lang erfaring i arbeidet sitt.

Ved Haugaland arbeidsgiverkontroll har en kontrollør sluttet i 2018 og ytterligere en vil slutte i vår. Det jobbes nå med rekruttering her. Det har vist seg utfordrende både å beholde og å rekruttere kontrollører.

1.2 Internkontroll

Kontoret har fokus på å ivareta god internkontroll. Vi har forbedret internkontrollen på innfording. Det er også utarbeidet ny rutinebeskrivelse på noen områder.

1.3 Skatteutvalg

